



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 20.12.2019
Vår ref: 18/03657-22
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Horgheim i Rauma kommune. Tiltakshaver: Veidekke Industri AS

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBNOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visert til søknad om driftskonsesjon datert 15. oktober 2018 fra Veidekke Industri AS (org.nr. 913 536 770).

1. Tildeling av driftskonsesjon

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visert til søknaden om driftskonsesjon datert 15. oktober 2018 fra Veidekke Industri AS (org. nr. 913 536 770). Veidekke Industri AS (org.nr. 913 536 770), heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av grus i Horgeim på del av eigedomen gbnr. 65/1 i Rauma kommune. Mineralførekomensten hører til kategorien mineral som grunneigaren eier.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 92 daa og går fram av kart «Horgheim – konsesjonsområde».

I arealdelen av kommuneplanen er området øyremerket til råstoffutvinning.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovsgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.



DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 030 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein konserngaranti ved at Tiltakshavaren sitt morselskap Veidekke ASA stiller påkravsgaranti for eit beløp på NOK 1 030 000,- som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoén då konsesjonsvedtaket blei gjort skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF;
- (ii) lagt fram ein påkravsgaranti frå morselskapet som DMF vurderer som tilfredsstillande.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphold sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

2.4 Ivaretaking av sandsvaler

Det skal ikkje foregå uttak av grus/masse i området kor det hekker sandsvale i perioden frå mai til og med juli månad. Det skal strevast etter å bevare hekkeplass for sandsvale i konsesjonsområdet under drift, samt leggjast til rette for hekkeplass etter avslutta drift. Det vil seie at det ikkje bør foretas inngrep, deriblant avslutningsarbeider, i området kor det hekker sandsvale. Bratte skrentar må like fullt sikrast i tråd med mineralloven § 49, slik at arbeider ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. I forbindelse med istandsetting av uttaksområdet skal det leggjast til rette for hekkeplass for sandsvale dersom hekkeplassen fjernes etter hekkesesongen av omsyn til sikkerheit eller drift.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Horgheim. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos Rauma kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, NVE, Statens vegvesen og aktuelle private parter.

Høyringsperioden var frå 22. august 2019 til 20. september 2019. DMF har mottatt høyringsinnspel frå Rauma kommune, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, NVE og Statens vegvesen. DMF har bedt tiltakshavar om tilbakemelding på dei innkomne høyringsinnspelet.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Rauma kommune

Området er i kommuneplanens arealdel datert 2003 avsatt til massetak, men området er ikkje geografisk avgrensa i planen. I føresegnene til planen står det at utviding av



eksisterande, eller nye anlegg, ikkje kan godkjennast utan godkjent reguleringsplan eller busetnadsplan. Området er ikkje regulert.

I naturbasen er det ikkje spesielle registreringer det må tas hensyn til, men i nær tilknyting til området er det registrert rik edelløvskog, samt de sårbare artene sandsvale og fiskemåke. Det er ikkje registrert kulturminner innanfor området, men det kan likevel finnes kulturminner som ikkje er registrert, en må spesielt være varsam dersom området utvides. Hele Romsdalen er registrert som et verdifullt kulturlandskap og tiltak som reduserer opplevelsesverdien i dalføret vil være uheldig.

Det kan være mye vind i området, spesielt i vinterhalvåret. Det vil derfor være viktig med skjerming, spesielt mot busetnaden og europavegen, men også mot det nasjonalt viktige laksevassdraget Rauma elv og Årsgrova.

Det vil også være viktig å ha en plan for avslutning og etterbruk av området.

Tiltakshavar sine marknader

Uttaksområdet er avsett i saman med administrasjonen i Rauma kommune og avgrensinga er i samsvar med gjeldande avtale mellom Veidekke Industri AS som leigetaker og Arve Horgheim og Liv Jorunn Bårdnes Horgheim som utleigar. Driftsplanen avklarar mykje av det som ein reguleringsplan vil gjere slik som utforming av masseuttak, driftstider, naturfarar, kulturminner, naturmangfaldslova osv. Vi meiner at det ikkje er nødvendig med detaljregulering då arealbruken er avklart i kommuneplan sin arealdel.

Forholdet til avslutning og etterbruk av området er avklart i driftsplanen.

DMF sine marknader

DMF viser til tiltakshavar sine merknader og tar høyringsfråsegna til etterretning.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

I kommuneplanens arealdel er området lagt ut til råstoffutvinning. Avgrensinga i kommuneplanens arealdel er ikkje eksakt, men er vist med eit rundt symbol på plankartet. Det er vidare knytt følgande føresegn til arealføremålet: «Utvidelse av eksisterende, eller nye anlegg kan ikkje godkjennes utan godkjent reguleringsplan eller bebyggelsesplan».

Fylkesmannen gjer merksam på at utvidinga ikkje er i tråd med kommuneplanens arealdel. Ei utviding av masseuttaket treng ei avklaring etter plan- og bygningslova. Masseuttaket er til saman så stort at det her vil vere krav om reguleringsplan, jf. plan og bygningslova § 12-1. Dette burde vore gjennomført før ein vurderer å gje driftskonsesjon til uttaket. Vi set Rauma kommune som kopimottakar av brevet, og ber om at kommunen følgjer opp dette med tiltakshavar.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader til søknad om driftskonsesjon:

Vassdrag

Det omsøkte arealet ligg om lag 90 meter frå Rauma elv, og grenser direkte mot sideelva Årsgrova. E136 går mellom masseuttaket og elva. Rauma og tilhøyrande sideelvar er eit verna vassdrag. Her gjeld «Forskrift om riks-politiske retningslinjer for



vernede vassdrag». Det er oppgitt at avstand frå masseuttak til elva skal vere minimum 10 meter. Vi rår til at ein sikrar ei større kantsone enn dette.

Rauma er også ei anadrom strekning. Ein bør hindre at overvatn ikkje renn rett i vassdraget, og at det bli etablert grøfter for oppsamling og bortføring av overvatn som leiar mot ein sedimenteringsdam.

Natur- og miljøvern

Arealet ligg innanfor det verdfulle kulturlandskapet Romsdalen. Slik sett vil krav om istandsetting vere viktig. På nordsida av Årsgrova er det ei registrering av sandsvale frå 2011. Sandsvale er kategorisert som nært truga på norsk rødliste. Arten er ein kolonihekkar som graver ut reironger i elvekantar, vegskjeringar og sandtak. Den norske hekkebestanden er no anslått til å vere mellom 20000 og 30 000 individ, som er ein nedgang frå tidlegare berekningar. Eit krav om istandsetting bør ta omsyn til at ein bevarer delar som eigna hekkelokalitet for sandsvala. Dette bør avklarast i samarbeid med fagkyndig biolog/ornitolog.

Det er også registrert ask i nærleiken av området. Ask er kategorisert som sårbar på Norsk rødliste, og er såleis ein truga art. Ein bør gjennomføre ei enkel synfaring for å avklare lokaliseringa til trea og sjå om ein kan ta omsyn dei ved ei eventuell framtidig utviding, jf. naturmangfaldlova § 8.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser DMF ikkje vil vektlegge fråsegn knytt til arealbruk ettersom dette skal vere varetatt gjennom plan- og bygningslova. Det er først gjennom ein reguléringsplanprosess at ein normalt ville vurdert reell risiko og sårbarheit knytt til arealbruk. I kommuneplanen sin arealdeler det hovudsakleg potensiell risiko og sårbarheit som vurderast. Reell risiko og sårbarheit er derfor truleg ikkje avklart for dette området.

Fylkesmannen ynskjer derfor gjere DMF merksam på at masseuttaket ligg i eit område utsett for fjellskred frå «Mannen» med eit årleg sannsyn på 1/500. Dette betyr at arealbruken berre vil vere i tråd med byggteknisk forskrift (TEK17) sine tryggleikskrav dersom massetaket er eit S1-tiltak, jf. TEK17 § 7-3. Sidan massetaket ikkje er plassert i ein tryggleiksklasse, eller arealbruken avklart gjennom ein detaljregulering, er vi uroa for at arealbruken ikkje tilfredsstiller tryggleikskrava for skred i TEK17. Det vil då vere svært uheldig om det gjevast ny driftskonsesjon til eit arealføremål som kan vere ulovleg etter plan- og bygningslova (tbl.), og der risikoen mot liv og helse kanskje overstig det TEK17 skildrar som akseptabel. For å avklare arealbruken ynskjer Fylkesmannen at området detaljregulerast i forkant av ein eventuell ny driftskonsesjon. Ein vil då samtidig få avklart den reelle faren for andre moglege risiko- og sårbarheitstilhøve, som truleg ikkje er avdekkja gjennom kommuneplanen sin arealdel.

Vi gjør vidare merksam på at aktørar utsett for store fjellskred må skildre korleis dei skal handtere fjellskredhendingar i beredskapsplanane sine. Planen skal vere forankra i nasjonal beredskapsplan for fjellskred, objektplan for Mannen og risiko- og sårbarheitsanalysar for eiga verksemd. Ei ev. utviding av driftskonsesjonen kan gjere det naudsynt for verksemda å revidere/oppdatere beredskapsplanen.

Forureining og støy



Masseuttaket ligg i nærleiken av støyfølsame bygningar. Av oversendinga går det fram at støy ikkje er eit problem i området. Grunna nærleiken til støyfølsame bygningar rår vi likevel til at støy avklarast. Dette blir best gjort ved å utføre ei støyfagleg vurdering med utarbeiding av støykart som viser raud og gul støysone. Ein bør vidare sikre avbøtande tiltak som til dømes at den støyande aktivitet blir skjerma i retning mot støyfølsame bygningar. Vi viser til tabell 3 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016), som viser anbefalte støygrenser for planlegging av ny støyande verksemd.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Tiltakshavarsine merknader

Uttaksområdet er avsett i saman med administrasjonen i Rauma kommune og avgrensinga er i samsvar med gjeldande avtale mellom Veidekke Industri AS som leigetaker og Arve Horgheim og Liv Jorunn Bårdnes Horgheim som utleigar. Driftsplanen avklarar mykje av det som ein reguleringsplan vil gjere slik som utforming av masseuttak, driftstider, naturfarar, kulturminner, naturmangfaldslova osv.

Vi meiner at det ikkje er nødvendig med detaljregulering då arealbruken er avklart i kommuneplan sin arealdel.

Vassdrag

Ved å nytte ein avstand på 10 meter frå elva, vil den etablerte ryggen mellom Årsgrova og masseuttaket bli urørt. Vidare sørover vil hellinga vere 1:1,5.

Overvatn vil i stor grad bli drenert i massane i uttaket. Dersom det viser seg at overvatn renn direkte i elva Rauma, skal det etablerast grøfter for oppsamling og bortføring av vatn til eit sedimenteringsbasseng.

Natur- og miljøvern

Det vil ikkje bli gjort tiltak nord for Årsgrova der registreringa er gjort. Ved istandsetting av masseuttaket vil skrånningar ha ein helling på 1:1,5 som er ein utmerka biotop for arten då dei vanlegvis plasserer reira i vertikale jord- og sandveggar. Vi meiner at dette ikkje er nødvendig å avklare med biolog eller ornitolog.

Det vil bli gjennomført ei synfaring med kartlegging av trea og vurdering av omsyn til trea ved ei utviding av masseuttaket.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Ved full drift av uttaket er det anslått sesongdrift i perioden frå medio mai til juli med maks 2 mann i arbeid (mobilknusing, 2. kvart år). I uttaksområde er det ein person som kører inn og ut av området for å hente massar dvs. kort oppholdstid innanfor eit ev. fareområde og personen sit skjerma i hjullastaren. Knuser og ferdigvare er plassert langt unna uttaksområdet, utanfor ei ev. faresone. Det vil normalt ikkje opphalde seg andre personar i området og det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Vi vurderer utifrå desse forutsetningane at masseuttaket kjem inn under tyggleiksklasse S1.

Forureining og støy



Støyfølsome bygg ligg godt skjerma bak ein 17m høg morenerygg. Kort driftstid: ved full drift av uttaket er det anslått sesongdrift i perioden frå medio mai til juli med maks 2 mann i arbeid (mobilknusing, 2. kvart år). Busetnaden har ikkje opplevd dagens støy som eit problem. I tillegg vil framtidig støy bli redusert då masseuttaket har ein uttaksretning mot aust og nord som gjer at avstanden til busetnaden aukar.

DMF sine merknader

DMF viser til at det er Rauma kommune som er ansvarlig myndighet i forhold til plan- og bygningsloven og som dermed må vurdere om det skal krevjast reguleringsplan for uttaket. I forhold til en driftskonsesjon etter minerallova er det tilstrekkelig at området er vist som område for masseuttak i kommuneplanens arealdel. DMF viser til tiltakshavar sin tilbakemelding og tar høyringsfråsegna til etterretning.

Ifølge NVE faller uttaket inn under TEK 17, noe som kommunen er riktig myndighet til å følgje opp.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen særskilte merknader til framlagt forslag til driftskonsesjon.

DMF sine merknader

DMF tar høyringsfråsegna til etterretning.

NVE

I framlegg til driftsplan er det gjort greie for uttaksområdet sin status i høve til aktsemdskart for skred. I tillegg til dei nemnde aktsemdskarta, ligg uttaksområdet også innanfor aktsedområde for Snøskred og steinssprang (NGI). Det er i følgje driftsplanen ikkje gjort vurderingar av reell skredfare for området.

Masseuttak som tiltak er ikkje unntake Byggteknisk forskrift (TEK17). Sjå meir om dette i Direktoratet for byggkvalitet sin rettleiar Utbygging i fareområde kapittel 2.9. Dette betyr at det vil vere naudsynt å dokumentere at uttaket stettar TEK17 sine tryggleikskrav, jf. § 7-3.

For tiltak i skredfareområde må tryggleiksklasse fastsettast, jf. TEK17 § 7-3 , 2. ledd, første setning. NVE rår til at ei skredfarevurdering vert gjort for å dokumentere om tiltaket stettar tryggleikskrava.

Langs uttaksområdet er det også eit mindre vassdrag, samt at Rauma renn vest for området. NVE har ikkje merknader til vurderingane som er gjort i høve til flaum og erosjon.

NVE føreset at driftsplanen tek omsyn til kraftleidning som går gjennom uttaksområdet.

Tiltakshavar sine merknader

Ved full drift av uttaket er det anslått sesongdrift i perioden frå medio mai til juli med maks 2 mann i arbeid (mobilknusing, 2. kvart år). I uttaksområdet er det ein person som køyrer inn og ut av området for å hente massar dvs. kort opphaldstid innanfor eit ev.



fareområde og personen sit skjerma i hjullastaren. Knuser og ferdigvare er plassert langt unna uttaksområdet, utanfor ei ev. faresone.

Det vil normalt ikkje opphalde seg andre personar i området og det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Vi vurderer utifrå desse forutsetningane at masseuttaket kjem inn under tryggleiksklasse S1.

Aktsemndskarta for flaum-/jordskred, steinsprang og snøskred viser potensielle utløysingsområde (kjeldeområde) og utløpsområde (rekkevidda av potensielle skred). Karta er utarbeidd ved bruk av ein datamodell som identifiserer moglege utløysingsområde for steinsprang og snøskred ut frå hellinga på fjellsida. For kvart utløysingsområde vert utløpsområdet for flaum-/jordskred, steinsprang og snøskred utrekna. Denne kartdatabasen er utelukkande basert på datamodellering og ingen feltobservasjonar er lagde til grunn. Det er derfor ikkje teke omsyn til viktige faktorar som klima, vegetasjon og berggrunn.

På si nettside har NVE m.fl. ei oversikt over tidlegare skred som har vorte registrert. I eller i nærleiken av undersøkingsområdet ved Horgheim er det registrert ei snøskredhending. Det er ingen kjente observasjonar av jord- og flomskred eller steinsprang i området.

Driftsperiode i masseuttaket på Horgheim er frå mai til juli, dvs. på eit tidspunkt der det ikkje er fare for snøskred. Det er heller ikkje fare for issprenging som kan medføre steinsprang. Grunneigaren som bur i rett sør for uttaket, har aldri registrert skred i området.

Det vil bli etablert ein voll langs kanten av masseuttaket i nord, som vil stoppe ev. skred. Dette vil bli teke inn i driftsplanen for masseuttaket. Vi ser derfor ikkje nokon grunn for å utarbeide ei skredfarevurdering.

Driftsplanen skal ta omsyn til kraftleding.

DMF sine merknader

DMF viser til tiltakshavar sine merknader og tar høyringsfråsegna til etterretning.

Statens vegvesen

Statens vegvesen har ingen spesielle merknader til saken. Vi gjør oppmerksom på at dersom utvidelse av uttaket medfører økning av antall lange kjøretøy, må kapasiteten til vegen inn på området vurderes.

Tiltakshavar sine merknader

Tas til etterretning. Det er i dag ikkje planar om å auke antall inn- og utkøyringar av lange kjøretøy.

DMF sine merknader

DMF tar høyringsfråsegna til etterretning.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.



Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekommstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekommsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekommsten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det også leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekommsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigarom om utvinningsretten til førekommsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram avtale med grunneigarane for gnr. 65/1 som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekommsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekommsten.

5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 92 daa og går fram av kart «Horgheim – konsesjonsområde».

I arealdelen av kommuneplanen er området øyremerk til råstoffutvinning.

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gjevne vurderer DMF bedrifa som økonomisk skikka.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.



I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av grustaket. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer det planlagde uttaket av førekomsten innanfor arealet på 92 dekar. Det totale volumet grusreservar som skal takast ut ned til botnkoten på nivå 70 m.o.h. er estimert til kring 1 100 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 10 000 m³. Det er planlagt drift i ein etappe. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpende. I tillegg til driftfasane er det lagt fram ein plan for sikring og avslutting av grustaket.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Horgheim godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjonar eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønsker å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomsten

I vurderinga av om søkeren har tilstrekteleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Svein Re som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskriftera.

I tillegg har søkeren opplyst at desse personane med teknisk og bergfagleg kompetanse arbeider i føretaket: Ivar Sunde.



Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne, og DMF kan setje vilkår i konsesjonsvedtak for å sikre kulturminne og miljøomsyn.

Det finst ingen reguleringsplan for uttaket.

Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyningsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (giennomførte den 11. desember 2019) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Det er gjort ei registrering av sandsvale nord for uttaket. Fylkesmannen ber om at det tas omsyn til sandsvalene ved drift og avslutning av uttaket. DMF vil ta inn et vilkår om at det skal tas omsyn til sandsvalene som er observert.

Vidare er det registrert ask i nærleiken av uttaket. Ifølge tiltakshavar vil det bli gjennomført ei synfaring med kartlegging av trea og vurdering av omsyn til trea ved ei utviding av masseuttaket. DMF går ut frå at tiltakshavar vil gjennomføre ein slik synfaring og vil ta de nødvendige omsyn til trea.

Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er søkt om ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. DMF vil påpeke at det her er snakk om uttak som har vært i gang over lengre tid. DMF vurderer det derfor slik at fortsatt drift av uttaket ikkje vil medføre økt belastning.

DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Tiltakshavar har i sin drifts- og avslutningsplan foreslått å sikre dei høgaste og brattaste lausmasseskråningane med sikringsgjerde. Vidare skal skråningane tilbakeførast med avdekningsmassar og jord for reetablering til LNF-areal, dette vil over tid vidare binde grusmassane og auke stabiliteten i skråningane.



DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegrar og anlegg.

Massane skal primært nyttast som tilslag til veg- og asfaltproduksjon

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Etter avslutta drift vil skråningane og uttaksflata verte arrondert og bratte kantar brekkast ned. Vidare skal skråningane tilbakeførast med avdekningsmassar og jord for reetablering til LNF-areal.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Tiltakshavar har lagt fram eit forslag til økonomisk sikkerheit på kr. 955 000, det er tatt utgangspunkt i fjerning av konstruksjonar, massehandtering/arrondering, anna varig sikring, og planting. DMF meiner tiltakshavar sitt forslag ikkje tar høgde for mellom anna innleie av eksterne konsulenttenestar.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 030 000,- for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved konserngaranti.



Innan 2 månader etter datoén då konsesjonsvedtaket blei gjort skal Tiltakshavaren stille ein konserngaranti som DMF vurderer som tilfredsstilande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 1 030 000,-.

DMF kan fremje krav i høve til konserngarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyre eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemد; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått har DMF rett til å få utbetalte det kravet som blir gjort gjeldende etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren.

Konserngarantien fell bort etter skriftleg samtykke frå DMF.

5.11.3 Rapportering og dokumentasjon

I tillegg finn DMF det nødvendig at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Dersom driftsperioden er lengre enn 5 år, skal Tiltakshavaren kvart femte år gjere ei vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal Tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor nødvendig å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4 Justering av sikkerheit

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Korleis driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekommst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a



Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF.

Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakrar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du også vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Maria Lauritzen
seksjonssjef

Thomas Furunes
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Thomas Furunes

Vedlegg:

- Horgheim - avtale om finansiell sikkerhetsstillelse.docx
- Horgheim - godkjent driftsplan.pdf
- Horgheim - konsesjonsområde.pdf
- Horgheim - påkravsgaranti konsern.docx

Motta ka rar:

Veidekke Industri AS Postboks 508 Skøyen 0214 OSLO

Kopi til:

Ann-Christin Modin	Lynghemsvegen 22	6300 ÅNDALSNES
Arve Horgheim	Romsdalsvegen 8890	6300 ÅNDALSNES
Asbjørn E. Molaup	Naustskaret 23	6409 MOLDE
Åse Molaup	Parkvegen 50	6412 MOLDE
Bane NORSF	Postboks 4350	2308 HAMAR
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404 MOLDE
Gunn Walstad Sogge	Lynghemsvegen 16	6300 ÅNDALSNES
Jan Arild Horgheim	Storgata 1	6300 ÅNDALSNES
Jørgen Sogge	Lynghemsvegen 16	6300 ÅNDALSNES
Jostein Kolbjørn Nygård	Trøagata 12	6600 SUNNDALSØRA
Kent Engström	Lynghemsvegen 22	6300 ÅNDALSNES
Kjell Sogge	Lynghemsvegen 109	6300 ÅNDALSNES
Linda Sogge	Lynghemsvegen 96	6300 ÅNDALSNES
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404 MOLDE
Rauma Energi AS	Øran Vest	6300 ÅNDALSNES
Rauma kommune	Vollan 8A	6300 ÅNDALSNES
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404 MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE